



INTERNT NOTAT

Dato: 19.06.2008

Til:
Larissa
Dahl

Frå: Linda Folkestad

**VEDRØRANDE GRAVING I KOMMUNAL VEG OG MANGLANDE AVKJØRSLE
TOMANNSBUSTAD GNR134, BNR.352**

Vegavdelinga har hatt synfaring ved Gnr. 134, Bnr. 352 i forbindelse med søknad om dispensasjon frå byggegrense. Søkar ønskjer å sette opp ein dobbeltgarasje på den eine delen av tomannsbustaden. Målt avstand mellom oppsett mur og kommunal vegkant er 10,5m. Det søkes om dispensasjon frå byggegrensa med ein avstand på 5m frå vegmidt. Etter størrelse og plassering av garasje vil avstand frå bygg til vegkant være mellom 2,5 til 3m. Størrelsen og plassering av garasjen gjer at garasje port må være vendt mot kommunal veg. Dette gjer at ein ikkje tilfredsstillar krav om å kunne snu på eigen grunn (forskrift av 1964 07-16 nr 3905). Vi ser, ut i frå byggesaksmappe, at det allereie er godkjent enkel garasje for kvar av bustadeiningane. Disse garasjane har ein plassering som tilfredsstillar krav om at ein skal snu på eigen grunn. Vegavdelinga avslår derfor søknad om dispensasjon frå byggegrense.

I forbindelse med synfaringa har vi registrert at det har blitt gravet i kommunal veg utan godkjenning frå vegmyndigheita. Kommunal veg er ikkje ført tilbake i den stand den var før arbeidet starta. I tillegg ser ein at tomannsbustad ikkje har definerte avkjørslar som vist i byggesaksmappe (kart datert 06.02.07). I dag vert heile plassen nytta som ein stor avkjørsle. Vegavdelinga ber Dykk om å ikkje utstede attest før forholda rundt kommunal veg og avkjørsle er retta opp.

Linda Folkestad
saksbehandler teknisk drift